




Aukra kommune

Reguleringsføresegner	
Plannamn:	Reguleringsplan gang- og sykkelveg Smågetoppen
Type plan:	Detaljregulering
Planid:	1547202201
Saksnummer i arkiv:	PLAN-22/00064
Datert:	
Sist revidert:	03.02.2025
Vedtaksdato:	Vedteken i Kommunestyret den xx.xx.xxxx, sak xx/xx



§ 1 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av gang og sykkelveg med tilhørende anlegg langs delar av fylkesveg 531 (Smågevegen) på Gossen i Aukra kommune. Dette for å gjere det enklare og tryggare for gåande og syklande på strekninga frå Smågekrysset til Smågetoppen.

§ 1.1 Reguleringsføremål

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (jfr. PBL §12-5, 2. ledd nr. 2)
 - Køyreveg (KV)
 - Gang- og sykkelveg (GS)
 - Annan veggrunn (AVG)
 - Leskur/plattformtak (LPL)
 - Kollektivhaldeplass (KH)
- Landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (jfr. PBL §12-5, 2. ledd nr 5)
 - Landbruksformål (L)
- Omsynssoner i reguleringsplan (jfr. PBL § 12-6)
 - Frisiktsoner (H140)
- Rekkefølgekrav (jfr. PBL § 12-7, 1. ledd, nr. 10)

§ 2 Generelle føresegn

§ 2.1 Planavgrensing

Desse reguleringsføresegnene gjeld for det området som er vist på plankartet med planavgrensing. Innanfor disse grensene skal areala nyttast slik som arealføremåla på plankartet og føresegnene fastset.

§ 2.2 Terrenginngrep

Nødvendige inngrep i terreng skal utførast på ein slik måte at eksisterande og naturleg vegetasjon så langt det lar seg gjere vert bevart. Alle skjeringar og fyllingar skal få ei utforming og overflate som dempar den visuelle effekten av inngrepa.

§ 2.3 Universell utforming

Prinsippa for universell utforming skal, så langt som råd, leggest til grunn innanfor reguleringsføremåla ved utforming av alle trafikkanlegg, uteopphaldsareal m.m. Ut over dette gjeld universell utforming av byggverk slik det er nedfelt i plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift (TEK 17).

§2.4 Kryssingspunkt

Alle kryssingspunkt skal etablerast med klar avgrensing mellom gangareal og vegareal. Det skal etablerast venteareal på begge sider av vegen. Venteareal kan vere i eigen avkøyrsløp og/eller oppfylt grøft eller nedsenka kantstein for å enkelt komme inn på gang- og sykkelvegen. Ved kryssingspunkt skal det etablerast forsterka belysning. Jf. Handbok V127 Kryssingssteder for gåande, kapittel 6.

§ 2.5 Klima og miljø

Ved planlegging og opparbeiding av gang- og sykkelvegen skal det leggst vekt på berekraftige løysingar og heilskapleg miljø- og ressurstenkning, særleg knytt til klimagassreduksjonsmål og hindring av forureining.

Ved prosjektering av tiltaket skal det utarbeidast ein plan for ytre miljø, (YM-plan) som tar vare på heile livsløpet til vegen og omfattar støy, vibrasjonar, luftforureining, forureining av jord og vatn, landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø, energiforbruk, materialval og handtering av avfall. YM-planen skal følgje malen NS 3466:2009 Miljøprogram og miljøoppfølgingsplan for ytre miljø for bygg-, anleggs- og eiendomsnæringen.

Innanfor planområdet krevjast det etablert anlegg for oppsamling, fordrøyning og bortleiving av overflatevatn frå bebyggelse, vegar og andre areal. Dette gjeld også for eventuelt overvatn som kjem frå områder utanfor planområdet.

Svartelista artar kan fjernast i samråd med kommunen og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

§ 2.6 Kulturminne

Dersom det under arbeid i området kjem fram gjenstandar eller andre leivningar som viser eldre aktivitet i området, skal arbeidet stansast og kulturarvsmynde i fylkeskommunen kontaktast.

§ 2.7 Støy

For utandørs støynivå skal prinsipp og støygrenser i Miljøverndepartementet sine retningslinjer T-1442/21 leggst til grunn.

§ 2.8 Private avtaler

Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med føresegnene.

§ 2.9 Eventuell endring av vedteken plan

Vesentlege avvik frå plankart og føresegner skal som hovudsak skje gjennom reguleringsendring.

Kommunen kan, når føresetnadene er til stades, gi dispensasjon frå reguleringsplanen i medhald av plan- og bygningslova.

§ 3 Føresegner til arealføremål (pbl. § 12-5)

§ 3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. §12-5 nr. 2)

3.1.1 Køyreveg f KV1 - f KV3 og f KV7, o KV4 - o KV6

Føremålet o_KV4 omfattar fylkesvegen 531 Smågevegen ved Stongneskrysset. o_KV5 omfattar fylkesvegen 6046 frå Stongneskrysset til avkøyring til bustadfelt Smågetoppen. Begge er vist på plankartet med regulert breidde og syner ny kryssløysing for Stongneskrysset.

o_KV6 er ny kryssløysing og køyremønster for bebuarar ved Smågetoppen. Etter opparbeiding av o_KV6 skal dagens avkøyring(ar) sanerast.

Køyreveg (f_KV1-3 og 7) omfattar avkøyrslene frå fylkesveg 513 og 6046 til tilgrensande eigedomar til planområdet.

Køyreveg f_KV3 er ny fellesavkøyrslе for gbnr. 4/5 og 31. Etter opparbeiding av f_KV3 skal dagens avkøyrslе til gbnr. 4/31 og avkøyrslе til eldre SEFRAK-bygningar på gbnr. 4/5 sanerast.

I anleggsperioden skal det sikrast nødvendig tilkomst til dei eigedomar som vert råka av tiltaket.

3.1.2 Gang- og sykkelveg o GS1-o GS10

Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast som vist på plankartet og vere offentleg føremål.

Gang- og sykkelvegen skal opparbeidast etter krava i Statens vegvesen si handbok N100, og skal ha fast dekke og belysning.

3.1.3 Annan veggrunn - grøntareal f AVG

Føremålet omfattar nødvendig areal til grøfter, skjeringar, fyllingar, sikkerheitssoner, rekkverk og andre nødvendige anlegg eller installasjonar som det vert sett på som naturleg å etablere innfor desse areala

Skjeringar og fyllingar skal så langt det let seg gjere tilpassast omkringliggende terreng, og såast til før ferdigstilling.

Innanfor område der det er mogleg og føremålstenlig er det tillat å mellomlagre masser.

3.1.4 Leskur/plattformtak o LPL

O_LPL skal brukast til leskur.

3.1.5 Kollektivhaldeplass o KH

o_KH skal brukast til kollektivhaldeplass.

§ 3.2 Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift (pbl. §12-5 nr. 5)

3.2.1 Landbruksområde (L)

Det tillatast utslaking av terreng innanfor føremålet. Områda innanfor Landbruksområde (L) skal ryddast og settast i stand til opphavleg føremål.

§ 3.3 Omsynssoner (pbl. §12-6)

Området innanfor reguleringsgrensen er regulert til følgande omsynssoner i tråd med plan- og bygningsloven (PBL) §12-6:

- Sikringszone – frisikt H140

3.3.1 Frisiktsone (H140)

Innanfor dei viste frisiktsonene og frisiktlinjer skal vegetasjon ikkje hindre nødvendig sikt. Sikthindrande element kan maksimalt stikke 0,5 meter over vegdekket på tilstøytande veg. Enkeltstående lysmaster, skiltstolpar, tre og liknande vert ikkje sett på som sikthindrande.

Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar vert fjerna.

§ 3.4 Rekkjefølgjekrav

§ 3.4.1 Krav til dokumentasjon

Før anleggsstart skal det utarbeidast komplett dokumentasjon, inkludert ein rigg- og marksikringsplan, for heile tiltaket med rørte sideareal som viser korleis terrengbehandling, masselagring, istandsetting, revegetering og tilbakeføring av areal til det opphavlege formålet sitt skal utførast, og dessutan korleis vegetasjon skal sikrast under anleggsfasen. Nødvendige vernetiltak skal vera etablert før bygge- og anleggsarbeid kan setjast i gang.

§ 3.4.2 Avkøyrslar

Felles avkøyrslar f_KV3 og o_KV6 skal være opparbeidd før eksisterande avkøyrslar vert fjerna.